



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

BØHMAR - 26/8537

Arkiv:

3/148, L33

Vår dato:

14.08.2026

Saksnr.	Utval
197/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
176/26	Kommunestyret

Dispensasjonsvedtak. Vedtak om deling - 3/148 Frådeling - Liastølen

Tiltak: Dispensasjon/frådeling
Eigedom: Gbnr: 3/148
Tiltakshavar: Øystre Slidre kommune

Delegasjonssak nr.: 197/26

Vedtak

1. I samsvar med Øystre Slidre kommune sitt delegasjonsreglement gir kommunedirektøren, ved leiar for Næring, plan og byggesak, dispensasjon frå kravet om felles planlegging etter gjeldande kommuneplan for søknad om frådeling av eit areal på om lag 1,2 daa frå eigedom gnr. 3 bnr. 148. Grunngevinga for dispensasjonen er at det omsøkte tiltaket ikkje i vesentleg grad set til side omsyna planen skal ivareta, og heller ikkje strir mot føremålet med den aktuelle lovføresegna. Vidare er det lagt til grunn at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. Vedtaket er fatta med heimel plan- og bygningslova § 19-2.


2. I samsvar med Øystre Slidre kommune sitt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren gjennom leiar av Næring, plan og byggesak søknad om frådeling av eit areal på om lag 1,2 daa som omsøkt frå eigedom gnr. 3 bnr. 148. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, litra m.

3. Kommunedirektøren delegerer mynde til oppmålingsingeniøren til å fastsetje dei endeleg grensene ved oppmålingsforretninga.

Bakgrunn for saka

Tiltakshavar, Øystre Slidre kommune v/ Teknisk drift, søker på vegner av heimelshavar om frådelling av ein parsell frå eigedom gbnr 3/148. Heimelshavar til eigedom gbnr. 3/148 er Olav Folke Hauge.

Parsellen skal nyttast til friområde og bevaringssone for kulturmiljø i samsvar med gjeldande arealplan, og ha eit areal på om lag 1,2 daa.



Figur 1: utsnitt av topografisk grunnkart med det omsøkte arealet

Saksutgreiing

Om eigedomen:

Det omsøkte arealet omfattar den tidlegare stølen Liastølen, som ligg i sentrum av Beitostølen mellom Skjenhauglie og Åsvegen langs Bygdivegen (fylkesveg FV51). Liastølen fungerer i dag som eit kulturhistorisk anlegg med museumsfunksjon og har sidan 2002 vore nytta til formidling av lokal natur- og kulturhistorie gjennom ulike kulturaktivitetar og arrangement.

Ettersom stølen eller stølsmuseet i dag ligg på leigd grunn, vert det no søkt om frådelling til eiga tomt for å sikre vidare drift, forvaltning og utvikling av området som park- og friområde, med tilhøyrande kulturhistoriske bygningar. Øystre Slidre kommune har difor inngått skriftleg avtale med heimelshavar til eigedom 3/148 om erverv av arealet, og avtale om vidare utvikling av formidlingstilbodet på Liastølen.

Planstatus:

Det finst ingen reguleringsplan for område.

Det går fram av gjeldande arealdel til kommuneplanen (KPA), jf. figur 2, at det omsøkte arealet er avsett til friområde med omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Sjølvstøtt friområde ligg innanfor eit område sett av til arealføremål sentrumsføremål med krav om felles planlegging og omforming. Søknad om frådelling er såleis ikkje i samsvar med gjeldande arealplan og krev i tillegg søknad om dispensasjon frå krav om felles planlegging og omforming, jf. plan- og bygningslova § 19-2.



Figur 2: utsnitt av KPA med den omsøkte tomta

Omsynssone kulturmiljø

Liastølen ligg i sin heilskap innanfor omsynssone for kulturmiljø (sjå figur 4). Omsynssona omfattar område der omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal vektleggjast særleg, og kan innehalde eit stort tal kulturminne frå førhistorisk tid, mellomalderen og/eller nyare tid, særleg knytte til stølsdrift og jernutvinning.

Alle tiltak innanfor omsynssona skal leggjast fram for kulturminnemyndigheita i fylkeskommunen for synfaring, vurdering og godkjenning. Det skal ikkje gjevast løyve til endring av eksisterande terreng i omsynssona gjennom oppfylling, planering eller uttak av massar.

I denne saka er det søkt om frådelling av heile arealet som ligg innanfor omsynssona for kulturmiljø. Den omsøkte frådellinga må difor sjåast som eit tiltak for å sikre bevaring av Liastølen og omsynssona for kulturmiljøverdiane for framtida. På dette grunnlaget bør frådellinga kunne godkjennast.

Kulturminnemyndigheita i fylkeskommunen vart kontakta i samband med den omsøkte frådellinga og den vidare utviklinga av Liastølen, då det er registrert eit automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringssone som delvis ligg på naboeigedomen 3/143, og fordi tiltaket omfattar flytting og oppføring av eit bygg på tunet. Sjå eget avsnitt.

Utnyttingsgrad:

Liastølen skal nyttast til friområde og omsynssone for kulturmiljø i samsvar med KPA. Eventuell flytting og/eller oppføring av nye bygg må handterast gjennom ei byggjesak.

Universell utforming:

Liastølen er eit gammalt tun der verken bygningane eller uteområdet oppfyller krava til universell utforming. Til stølen, der kulturarrangementa vert gjennomførte, er det ein nokså bratt grasbakke. Hovudbygningen har låg dørterskel inn til gangen, medan dørterskelen inn til opphaldsrommet er høg.

Krav til universell utforming gjeld i utgangspunktet for offentlege uterom og møteplassar, samt for alle bygningar som vert nytta som publikumsbygg eller arbeidsbygningar. Dette omfattar òg eldre tradisjonsbygg og verneverdige bygningar.

Kommunen kan gi heilt eller delvis unntak frå tekniske krav, til dømes ved bruksendring av eksisterande bygningar, dersom bygningane si fysiske utforming eller konstruksjon gjer at krava vil medføre ei uforholdsmessig stor økonomisk eller praktisk byrde. Det kan òg givast unntak dersom bygningen sin tradisjonelle, tømra eller plassbygde konstruksjon gjer full tilgjengelegheit svært vanskeleg å oppnå.

Sjølv om større ombyggingar fell bort etter unntaksregelen, kan det likevel krevjast enklare tiltak, som til dømes flyttbare ramper. Eventuelle tilgjengelegheitstiltak bør vurderast nærare i samband med oppføring av eit nytt bygg på Liastølen.

Når det gjeld uteområde skal det i utgangspunktet ikkje gis løyve til endring av eksisterande terreng ved oppfylling, planering og uttak av masser i omsynsona for kulturmiljø. Men i samsvar med føresegner for sentrumsområde i Beitostølen skal det leggjast til rette for offentlege uterom og møteplassar med god kvalitet og moglegheit for vidare utvikling.

Vatn og avlaup:

Det omsøkte arealet ligg innanfor ei infrastruktursone for kommunalt vatn- og avlaup, H410_VA. I utgangspunktet krev plan- og bygningslova (PBL) §§ 27-1 og 27-2 sikker vassforsyning og avlaupsløysing for bygningar med varig opphald for menneske og dyr. Sidan arealføremålet er friområde, og eigedomen vil fungere som eit friluftsmuseum der bygningane er freda og/eller har historisk verdi, er dei ikkje tilrettelagde for varig opphald for korkje menneske eller dyr. Det ligg difor ikkje føre behov for vass- og avlaupstenester. På noverande tidspunkt kan ein difor ikkje sjå at det er naudsynt å kople eigedomen til kommunalt vass- og avlaupsnett.

Veg – tilkomst:

Krav til parkering ved friluftsmuseum vert i utgangspunkt bestemt av plan- og bygningsloven, byggteknisk forskrift – TEK17 og lokale arealplanar, med hovudvekt på universell utforming.

Liastølen er eit lite og gammalt museumstun. Den har ikkje eigen parkeringsløysing med moglegheit for HC-parkering. Sidan museumstunet berre har eit areal på om lag 1,2 dekar og ligg midt mellom 2 eigedomar er ein tilfredsstillande parkering ei utfordring.


I dag nyttar Liastølen nokon parkeringsplassar av privat parkering på naboeigedoman 3/143, aust for Liastølen som er nærmaste parkeringsplass. I tillegg kan det nyttast offentleg parkering ved Bygdivegen sørvest for Liastølen og ved Skjenhauglie vest for Liastølen. Per dags dato har berre parkeringsplassen ved Bygdivegen HC-parkering (2 plassar). HC-parkering ligg nærmast gangfeltet og om lag 75 m frå Liastølen.



Figur 3: utsnitt av flyfoto

Gul støysone - veg:

Liastølen ligg i sentrum av Beitostølen, langs fylkesveg FV51, Bygdinvegen. Fylkesveg 51 har høg trafikkmengd, med ein årsdøgnetrafikk (ÅDT) på om lag 2 410 køyretøy, der 11 prosent er tunge køyretøy. I samsvar med støysonekart for vegtrafikkstøy etter retningslinje T-1442 ligg Liastølen i sin heilskap innanfor gul støysone.



Figur 3: utsnitt av støysonekart

Gul støysone etter T-1442 er fyrst og fremst retta mot arealplanlegging og etablering av ny arealbruk eller nye bygningar der støy kan vere ei utfordring. Retningslina legg til grunn at støy skal vere eit premiss ved planlegging av nye støyfølsame bygningar til varig opphald, og at gul støysone er ei vurderingssone der støytilhøva skal avklarast ved nye tiltak.

Omsøkt frådeling gjeld eit eksisterande friluftsmuseum som allereie er etablert på staden. Tiltaket inneber ikkje etablering av ny støyfølsam arealbruk, som bustader, skular eller liknande. Etter dei opplysningane som ligg føre, er det planlagde nybygget heller ikkje meint for varig opphald. Museumsbygg, lagerbygg og utstillingsbygg utan varig opphald fell etter dette normalt ikkje inn under dei støyfølsame føremåla som retningsline T-1442 primært skal verne.


Museumsdrift er ei publikumsretta verksemd, og ei utviding av drifta kan føre til auka publikumsaktivitet. For friluftsmuseum er uteareala ein vesentleg del av museumsopplevinga.

Ifølgje retningsline T-1442 bør støyfølsame bygningar i gul sone ha tilgang til ein skjerma og stille del av utearealet, med eit tilrådd støynivå under 55 dB L_{den} .

Omsøkt frådeling gjeld eit kulturhistorisk anlegg med museumsfunksjon. Føremålet med tiltaket er å sikre eigedomstilhøva og leggje til rette for framtidig drift. Tiltaket medfører ikkje etablering av ny støyfølsam arealbruk etter retningslinje T-1442/2021. Det planlagde tilleggsbygget er heller ikkje meint for varig opphald. Utearealet er avgrensa, og oppføring av nytt bygg vil redusere arealet for uteaktivitetar ytterlegare. Ein del av kunnskapsformidlinga går føre seg innandørs. Kommunedirektøren meiner, etter ei samla vurdering, at tiltaket ikkje utløyser krav om eiga støyutgreiing. Støytilhøva bør likevel avklarast nærare i samband med oppføring av nytt bygg på eigedomen.

Kulturminne og oppføring av bygg

Figur 4 syner at det er registrert eit automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringssone. Sikringssona ligg delvis inne på naboeigedomen gbnr. 3/143. I tillegg er det planlagt å flytte eit anna bygg til Liastølen. Som følgje av desse tiltaka må det avklarast kva omsyn det er naudsynt å ta.



Figur 4: Utsnitt av kulturminnekart

I samband med frådeling, framtidig drift og vidare utvikling av tomta vart kulturminnemyndigheita ved Innlandet fylkeskommune kontakta for synfaring og/eller nærare avklaring. Tilbakemeldinga er som følgjer:

I kulturminnebasen Askeladden er dette kulturminnet registrert som ei kolgropa. Opplysningane i basen viser at kolgropa er delvis attfylt, og at ho truleg blir nytta i formidling av kullproduksjon. Dersom ho framleis skal nyttast til dette føremålet, kan ho ha ein viss formidlingsverdi. Det bør derfor vere opp til dei som nyttar kolgropa i formidlingssamanheng å vurdere om dei ønskjer å ta vare på henne eller ikkje.

Dersom det ikkje lenger er aktuelt å nytte kolgropa, er det ikkje naudsynt å ta særlege omsyn til henne, då ho allereie er noko skadd som følgje av attfylling med jord og stein. Vidare ligg kolgropa ved eit gjerde og i nærleiken av moderne bygningar, noko som bidreg til å redusere kulturminneverdien hennar.

For plassering av det planlagde bygget ser kulturminnemyndigheita to moglege løysingar. Den eine løysinga er å plassere bygget slik at det ikkje kjem i konflikt med kolgropa eller

sikringssona. Den andre løysinga er å plassere bygget ein stad, sjølv om dette medfører inngrep i kolgropa og/eller sikringssona, og deretter søkje om dispensasjon etter kulturminnelova § 8, 1. ledd. Kulturminnemyndigheita vil i så fall kunne gi dispensasjon.

Kulturminnemyndigheita har opplyst at dei ikkje vil stille krav om arkeologisk undersøking dersom kulturminnet blir direkte råka av tiltaket, og at dei heller ikkje vil motsetje seg eller vere restriktive til tiltaket av den grunn. På bakgrunn av ei oppfylgjande telefonsamtale med sakshandsamaren legg vi til grunn at det same gjeld for frådelinga.

Søknaden er nabovarsla i medhald av pbl § 21-3, og det har ikkje komme fram nokon merknader.

Vurdering:

Dispensasjon:

Etter pbl § 19-2 (2) skal ein ikkje gje dispensasjon «*dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.*» Vilkåra er kumulative. Dette inneber at kommunen berre har høve til å gje dispensasjon om begge vilkåra i regelen er oppfylt.

Det omsøkte arealet ligg i Beitostølen sentrum langs fylkesveg FV51, Bygdinvegen. I kommuneplanens arealdel er arealet sett av til friområde og omsynssone bevaring kulturmiljø. På friområde ligg den gamle stølen Liastølen, som sidan 2002 har vore nytta til formidling av lokal natur- og kulturhistorie gjennom ulike aktivitetar.

Føremålet med frådelinga er å sikre vidare drift av stølsmuseet. Tiltaket er såleis i samsvar med gjeldande arealføremål og omsynssone. Då arealet ligg innanfor gjennomføringssonar med krav om fellesplanlegging og omforming, krev det såleis dispensasjon frå kommuneplanen, jf. pbl § 19-2.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) fyrste setning:

Det omsøkte arealet grensar i sørvest til fylkesveg FV51, Bygdinvegen, og gang- og sykkelvegen som går gjennom sentrum. I nordvest ligg arealet nesten heilt inntil reguleringsplanområdet for Beitostølen sentrum del I. Områda i nord og aust er allereie utbygde med fritidseigedomar. Næraste nabo er eigedom gbnr. 3/143, som etter flyfoto å dømme delvis vert nytta til parkering for hyttene i aust og delvis fungerer som grøntareal.

Det omsøkte arealet ligg langs fylkesvegen og nær grensa til sentrumsføremålet. Plasseringa og arronderinga er vurdert som svært tenleg, og arealet vil ikkje avgrense moglegheitene for ei framtidig regulering av sentrum. Arealet kan tvert imot inkluderast på ein naturleg måte som ein del av ein framtidig reguleringsplan.

Omsøkte frådeling er tenkt nytta i tråd med kommuneplanen sitt føremål som friområde, med vekt på formidling av lokal natur- og kulturhistorie. På denne bakgrunnen er omdisponering eller omforming av arealet ikkje aktuelt.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) andre setning:

Samla sett vil dispensasjonen gje vesentlege fordelar gjennom tilrettelegging for friområde og formidling av lokal natur- og kulturhistorie, medan ulempene vert vurderte som små. Fordelane ved å gje dispensasjon er difor klart større enn ulempene.

Den omsøkte frådelinga er i samsvar med kommuneplanen sine føringar for både arealføremål og omsynssone kulturmiljø, ettersom friområdet med tilhøyrande omsynssone vert frådelt i sin heilskap. Vidare er plasseringa og arronderinga av det omsøkte arealet slik at det i liten grad vil vere til hinder for eller påverke ei eventuell framtidig regulering av området. Dette talar for at tiltaket ikkje vil medføre nemneverdige ulemper.

Øystre Slidre kommune har lange tradisjonar som jordbrukskommune og har framleis aktiv stølsdrift. Beitostølen har historisk vore nytta som stølsområde for gardane i bygda. Utviklinga frå stølsområde til tettstad har i all hovudsak skjedd i nyare tid. I dag er Beitostølen godt kjend som ein skisportdestinasjon og attraktiv hyttedestinasjon.

Stølsdrift er ein viktig del av den lokale kulturarven. Den kulturhistoriske verdien av stølsdrifta vart internasjonalt anerkjent då stølskulturen i 2024 vart innskriven på UNESCO si liste over immateriell kulturarv. Ettersom Liastølen i dag ligg på leigd grunn, vil frådelinga leggje til rette for vidare drift av stølsmuseet og samstundes styrkje arbeidet med å ivareta den lokale natur- og kulturhistoria, som òg har verdi og betyding utover lokalsamfunnet.

Liastølen er eit synleg minne om det aktive stølslivet som ein gong prega Beitostølen og som har gjeve opphav til namnet Beitostølen. På sommartid blir det arrangert ymsne kulturarrangement med tilknytning til både lokalmiljøet og farne tider med særleg vekt på stølslivet. Arrangementa er opne for alle og er godt vitja av både fastbuande, deltidsinnbyggjarar og andre besøkjande. Besøkstala har auka frå år til år.

Dersom stølsmuseet framleis vert liggjande på leigd grunn, vil det vere ein viss fare for at eigedomen vert seld, og at framtidige eigarar ikkje ynskjer å vidareføre leigeavtala. Dette kan føre til at stølsmuseet på sikt må leggjast ned. Ei slik utvikling vil innebere at både innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar mistar ein veletablert og høgt verdsett møteplass. Samstundes vil kulturtilbodet til tilreisande verte redusert, og ein viktig arena for formidling av lokal historie og stølskultur kan gå tapt.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor legg kommunedirektøren til grunn at dispensasjon for frådeling ikkje vil medføre at omsyna planen skal ivareta vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene.

Vatn og avlaup:

Sidan arealføremålet er friområde, og eigedomen vil fungere som eit friluftsmuseum der bygningane er av historisk verdi, er dei ikkje tilrettelagde for varig opphald for korkje menneske eller dyr. Det ligg difor ikkje føre behov for vass- og avlaupstenester. På noverande tidspunkt kan ein såleis ikkje sjå at det er naudsynt å etablere kommunalt vass- og avlaupsnett til eigedomen.

Gul støysone:

Den omsøkte frådelinga gjeld eit eksisterande friluftsmuseum, der føremålet er å sikre eigedomstilhøva og leggje til rette for framtidig drift. Tiltaket inneber ikkje etablering av støyfølsam arealbruk etter retningslinje T-1442/2021, og det planlagde tilleggsbygget er ikkje meint for varig opphald. Sjølv om utearealet er avgrensa og vil verte noko redusert ved oppføring av nytt bygg, kan kommunedirektøren ikkje sjå at frådelinga i seg sjølv utløyser

særskilde krav knytte til støy. Støytilhøva bør likevel avklarast nærare i samband med ei eventuell byggjesak for nytt bygg.

Kulturminne:

I kulturminnebasen Askeladden er det automatisk freda kulturminne på område registrert som ei kolgrop. Av opplysningane i kulturminnebasen går det fram at kolgropa er delvis attfylt, og at ho truleg blir nytta i formidling av kullproduksjon. Dersom ho framleis skal nyttast til dette føremålet, har ho truleg ein viss verdi. I så fall må dei som nyttar kolgropa til formidlingsføremål, avgjere om dei ynskjer å ta vare på henne eller ikkje.

Dersom det ikkje lenger er aktuelt å nytte kolgropa, er det ikkje naudsynt å ta særlege omsyn til henne, då ho allereie er noko skadd som fylgje av attfylling med jord og stein. Vidare ligg kolgropa ved eit gjerde og i nærleiken av moderne bygningar, noko som bidreg til å redusere kulturminneverdien hennar.

For plassering av det planlagde bygget ser kulturminnemyndigheita to moglege løysingar. Den eine løysinga er å plassere bygget slik at det ikkje kjem i konflikt med kolgropa eller sikringssona. Den andre løysinga er å plassere bygget ein stad, sjølv om dette medfører inngrep i kolgropa og/eller sikringssona, og deretter søkje om dispensasjon etter kulturminnelova § 8, 1. ledd. Kulturminnemyndigheita vil i så fall kunne gi dispensasjon.

Kulturminnemyndigheita har opplyst at dei ikkje vil stille krav om arkeologisk undersøking dersom kulturminnet blir direkte råka av tiltaket, og at dei heller ikkje vil motsetje seg eller vere restriktive til tiltaket av den grunn.

På bakgrunn av ei oppfylgjande telefonsamtale med sakshandsamaren legg vi til grunn at det same gjeld for frådelinga.

Frådeling:

Frådeling av ny grunneigedom, eller endring av eksisterande eigedomsgrenser, skal i medhald av pbl § 26-1 gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift eller plan. Frådeling eller endring som nemnt, må heller ikkje gjerast slik at det blir danna tomter som er ueigna til busetnad på grunn av storleiken sin, form eller plassering. Vidare følgjer det av pbl § 28-1 at grunn berre kan byggast ut, eller eigedom blir oppretta eller blir endra, dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold. Det same gjeld for grunn som blir utsett for fare eller vesentleg ulempe som følgje av tiltak. Kommunen er ikkje kjent med andre forhold som strid mot vilkåra i pbl §§ 26-1 og 28-1.

Anna:

Omsøkte frådeling er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for artar og naturtypar. Frådelinga kan såleis godkjennast etter naturmangfaldlova.

Av analyserapporten køyrt i Valdreskart (Origo) grå det ikkje fram at det ligg føre andre tilhøve knytte til samfunnstryggleik, landbruk, natur- eller kulturmiljø i området som tilseier at dispensasjon ikkje bør gjevast

Saka har ikkje vore oversendt til andre kommunale, fylkeskommunale eller statlege organ på høyring. Ein kan ikkje sjå at dette er naudsynt, då ein ikkje kan sjå at tiltaket er i strid med nasjonale eller regionale mål og føringar.

Samla vurdering:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor legg kommunedirektøren til grunn at dispensasjon for frådelling ikkje vil medføre at omsyna planen skal ivareta vert vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene. Det ligg etter kommunedirektøren sin vurdering difor føre grunnlag for å gi dispensasjon.

Gebyr

Øystre Slidre kommune må betale eit gebyr på kr. 15.594,- for denne handsaminga av delingssøknad etter PBL § 20-1 bokstav m, jf. kommunen sitt gebyrregulativ. I tillegg kjem gebyr for oppmåling og tinglysing.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Martina E. Böhme
Saksbehandlar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
Olav Folke Hauge